

# **Sluttrapport for prosjektet *Poesislam i Ungdommens kulturmønstring***

## **1. Innleiing**

Hordaland fylkesbibliotek fekk tildelt kr.115 000 frå Nasjonalbiblioteket i 2012 og kr. 130 000 i 2013 til det toårige prosjektet *Poesislam i Ungdommens kulturmønstring*.

I tillegg har Ungdommens kulturmønstring – Noreg løyvd kr. 80 000 til prosjektet over to år.

Aktivitetsplanen som låg til grunn for søknaden, har ein endra litt på for å kome i takt med dei lokale UKM arrangementa (oppdatert aktivitetsplan ligg ved).

Prosjektansvarleg:

Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnhol og prosjektleiar Águst Magnússon

Styringsgruppe:

Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnhol

Seksjonsleiar for kunst- og kulturformidling i Hordaland fylkeskommune; Ronny Skaar

Leiar av Hordaland barne- og ungdomsråd Astrid Marthinussen

Prosjektleiar har fungert som sekretær.

Prosjektgruppe:

Kari Vik, Den kulturelle skulesekken

Trude Hege Bergesen, biblioteksjef i Kvinnherad kommune

Helge Skurtveit, fylkesbiblioteket

Eirik Vangsnes, kultursjef i Fusa kommune.

## **2. Hovudmål med prosjektet**

Fylkesbiblioteket vil i samarbeid med staten og kommunane

- Stimulere ungdom til lesing, skriving og framføring av eigne tekstar.
- Auka talet på litterære bidrag i Ungdommens kulturmønstring
- Bruke biblioteket som arena for formidling av litteratur, skrivekurs og framføring.

## **3. Vurdering av måloppnåing etter første år**

- For å stimulere ungdom til lesing, skriving og framføring av eigne tekstar engasjert vi i 2013 lyrikaren Erlend O. Nødtvedt til å ha skriververkstad med ungdom og skodespelar og noregsmeister i poesislam, Taro Vestøl Cooper, for å ha kurs i framføring i følgjande ni bibliotek; Bømlo, Kvinnherad, Fusa, Kvam, Odda, Lindås, Osterøy, Fjell og Voss.

Kursa vart haldne i veke 38 til veke 46. Til saman var det 77 deltagarar på kursa. Kurs i framføring måtte avlystast tre plassar pga. at det ikkje var nok påmelde. Kurshaldar hadde i staden poesi-performance to stadar for elevar på vidaregåande skular.

I 2014 var det Henning H. Bergsvåg som hadde skrivekursa, mens Taro Vestøl Cooper hadde kursa i framføring. Ti bibliotek var med i 2013: Sveio, Os, Fitjar, Radøy, Modalen, Jondal, Etne, Samnanger, hovudbiblioteket i Bergen og Åsane filial.

Kursa vart haldne i veke 42 til veke 45. Til saman var det 118 deltagarar på kursa. Begge kursa vart avlyst på tre plassar pga. at det ikkje var nok påmelde. Der iblant to stadar med relativt mange innbyggjarar.

Det viser seg tidleg at det er vanskeleg å få ungdomane til å meldt seg på skriveverkstadane, sjølv om det har vore brukt mykje tid og ressursar på å reklamere for kursa, både ved direkte kontakt med ungdom og ved bruk av sosiale media. Det har vore klassebesøk, annonser i avisar, utsending av pressemelding til lokalavisene, oppretta eigen fjesbokssida ([www.facebook.com/poesislam.ukm](https://www.facebook.com/poesislam.ukm)), delt ut flygeblad og hengt opp plakatar. Nokre av kommunane har også fått besøk av forfattarar gjennom Den kulturelle skulesekken og dei har informert om poesislam verkstadane. I tillegg freistar ein å rekruttere ungdom som allereie nyttar biblioteket til å vere med på kursa.

Erfaringa frå kursa er likevel veldig vellukka. Ungdomane syntest det var kjekt og kurshaldarane var fornøygd med deltagarane (sjå vedlagt avisoppslag).

Budsjettet tillet ikkje at det vart send ut forfattarar på førehand for å promotere tiltaket, pga avstandar og krunglete geografi. Difor valde ein å lage to kortfilmar for å marknadsføre kursa, ein kvart år. Filmane vart send ut til alle skulane og til biblioteka, i tillegg er dei lagde ut på YouTube. Første filmen vart vist som forfilm på kinoane på Husnes, Voss og i Øystese. I den andre filmen, laga i 2013, var begge kurshaldarane med og elevar ved Fyllingsdalen videregående skole.

Nyaste filmen kan sjåast her

[https://www.youtube.com/watch?feature=player\\_embedded&v=LFM6B1QdwHc](https://www.youtube.com/watch?feature=player_embedded&v=LFM6B1QdwHc)

Prosjektet har også eigen heimesida [www.hordaland.no/poesislam](http://www.hordaland.no/poesislam)

- Når det gjeld å auke talet på litterære bidrag i Ungdommens kultur-mønstring, er ikkje målet nådd. Ingen av deltagarane har meldt seg på dei lokale mønstringane. Det viser seg vanskeleg å samle ungdomane til samtaler etter kursa, men i Modalen kom nokre av deltagarane til biblioteket og las dikt dei hadde laga og i Bergen har dei hatt poesislamlignande arrangement som var ope óg for andre enn dei som deltok på kursa.

Det et oppretta godt samarbeid mellom lokale UKM-kontaktar og biblioteka som deltek. Nokre av UKM-kontaktane har delteke i marknadsføringa av verkstadane. Regionalt deltek ansvarlege for UKM Hordaland i styringsgruppa for prosjektet. På samling for alle UKM-kontaktane i fylket i september i fjor vart prosjektet presentert. UKM-

Noreg har i sitt tilsegnsbrev til fylkesbiblioteket sagt at det skal leggjast til rette for at Hordaland kan sende nokre ”poesislam-deltakarar” til UKM-festivalen 2013 og 2014 utover normal festivalkvote.

- Dei aller fleste kursa vart avvikla i biblioteklokale for å oppfylle målet om å bruke biblioteket som arena for formidling av litteratur, skrivekurs og framføring. Det vart gjort nokre få unntak, der ein samarbeidde med skular om å halda kursa i skuletida og på skulen. Dette for å sikra deltaking på dei aller minste plassane Ein av stadane er biblioteket lokalisert på skulen..

#### **4. Formidling av resultat i prosjektet**

Ein har informert om prosjektet på bibliotekdagane i Etne (2012), i regionale bibliotekmøte og på fylkessamling for UKM-kontaktane i kommunane. Med bakgrunn i prosjektet, var poesislam eit innslag på Hordaland fylkeskommune sin Kultur- og idrettskonferanse 21-23. november 2012.

Prosjektet hadde stand på fylkesmønstringa i Hordaland på Os våren 2012 og skal presenterast med veggoppslag på det 74. norske bibliotekmøte i Trondheim i mars.

#### **5. Rekneskap for prosjektet**

##### ***Utgifter***

Honorar til kurshaldarar	
2 kursdagar på kvart bibliotek	
Etter Norsk forfattarsentrum sine satsar	183 323
Reise- og oppholdsutgifter for kurshaldarar	54 727
Rekruttering av deltakarar	38 803
YouTube film	
Marknadsføring	48 270
Administrasjon	59 877
Prosjektarbeidstid i fylkesbiblioteket	
10% stilling	
Ekstra opningstid i biblioteka	<u>30 000</u>
<i>Totale utgifter</i>	<b>415 000</b>

##### ***Inntekter***

Tilskot frå Nasjonalbiblioteket	245 000
Ungdommens kulturmønstring	80 000
Hordaland fylkesbibliotek	52 000
Folkebiblioteka i prosjektet	<u>30 000</u>
<i>Totale inntekter</i>	<b>415 000</b>

##### ***Vedlegg***

- Aktivitetsplan
- Avisoppslag